



Eigarskapspolitisk plattform for Aurland kommune

VEDTAK I KOMMUNESTYRE 31.03.2011 KS-019/11

AURLAND KOMMUNE

Motiv og mål med offentlig eigarskap

Ein eller fleire a dei fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Politisk motivert
- Finansielt motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

Grunnlag for godt offentlig eigarskap

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for Aurland kommune si eigarskapspolitiske plattform:

Krav mot eigar

1. Det skal vere opne forhold rundt kommunen sitt eigarskap ved at:
 - Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp
 - Det bør vere opne forhold rundt val av styremedlemmar
 - Det bør vere opne forhold rundt godtgjersle til styret
2. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ønskjer å oppnå ved å oppretta eit selskap framfor ei meir tradisjonell etatsorganisering. Tilsvarande analyse bør gjerast ved vurdering av eigardel i alle type selskap og når eigarstrategien skal utarbeidast.
3. Eigar bør fremja interessene sine gjennom generalforsamling og representantskap.
 - Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamling og representantskap.
 - Det bør utarbeidast ein eigaravtale som syner tilhøve mellom eigarane, informasjon til eigarane utanom generalforsamling/representantskap, selskapet si verksemd og val av styre.
4. Eigar gir klare mål for selskapet. Styret er ansvarleg for å realisera måla.
 - Eigarskapet bør vere forutsigbart og langsiktig (ut over 4 år).
 - Eigarane skal sikra god leiing av selskapet i samspel med styret og leiinga.
 - Aktiv eigarstyring krev tverrpolitisk forståing av kvifor kommunen er engasjert i selskapa.
 - Eigar bør utforma styreinstruks med måndag og samansetjing av styret, styremøta, forretningsorden og saker som skal handsamast i styre, sakshandsamingsreglar (lovgrunnlag) og informasjon utanom styremøte.
 - Det bør vera klårt skilje mellom eigar og brukar for å unngå mistanke om at kommuneale selskap vert forfordelte i tilhøve til andre selskap, eller at det vert stilt for låge krav frå eigar eller at selskapet på andre måtar er tildelt ressursar som gir eit ekstra konkurransefortrinn.

- Ved leveranse av tenester frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtalar.
 - Det er naturleg at eigar målar resultat ved avkastning på den kapitalen selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS tilhøve, samt krav til likestilling i høve til styrande organ.
 - Det bør utarbeidast ein klar utbytepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stilla dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjera.
5. Det skal utarbeidast eigarmelding om kommunen sin samla eigarskap.

2.2 Krav retta mot selskap

6. Selskapa skal vere bevisst samfunnsansvaret sitt. Selskapa bør rapportera etter prinsippa om berekraftig utvikling, det vil seie å integrera økonomisk, miljømessig og sosial rapportering
7. Eigarane skal handsamast likt.
- Selskapa skal gje dekkjande informasjon i god tid om saker som er til handsaming. Saksdokumenta bør vere utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
 - I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
 - For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representantskapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.
8. Opningsbalansen skal vere tilpassa føremålet med eigarskaps og selskapet sin situasjon.
- Finansieringa av selskapet må tilpassast tye verksemd.
 - Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – stor kapital er vanlegvis ikkje ønskjeleg for kommunen.
 - Løns og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vere rimelege. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.
9. Styret skal ha naudsynt kompetanse, kapasitet og mangfald
- Samansetjinga av styret må ein sjå i høve til formål.
 - Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkomandes kompetanse og styret si totale samansetjing.
 - I selskap med betydeleg sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemar i styret bør vere nært knyta til kommunen si politiske og administrative leiing.
 - Same person skal ikkje sitja i både generalforsamling og styre i eit selskap.
10. Styret skal på uavhengig grunnlag ha ein aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld, service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:
- Leggja til rette for god dialog på generalforsamlinga mellom eigarar, styret og leiinga.
 - Fastsetja ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.

- Utarbeida plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling samt evaluera verksemda si.
- Nye styremedlemar nå lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

I tillegg til prinsippa ovanfor om godt eigarskap, gjeld dette:

- I alle selskap vert det stilt krav om at sakliste og saksdokument til generalforsamling, representantskap eller andre eigarorgan i selskapa skal sendast ut minimum 30 dagar før møtet. Dokumenta skal sendast til ordførar, valde representantar og rådmann.
- Når fleire kommunar i fellesskap eig eit selskap, bør eit særskilt ansvar for oppfølging av selskapet fordelast mellom rådmennene. Den som har dette koordineringsansvaret for eit selskap, har som oppgåve å følgja med i selskapet sin aktivitet gjennom året, og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Føremålet med ei slik arbeidsdeling er også at rådmennene i større grad skal kunna hjelpa ordførar og valde representantar i forkant av eigarmøta.

3. Arbeidsformene for politisk og administrativ utøving av eigarrolla:

Følgjande reglar og arbeidsformer skal nyttast i eigarstyring.

3.1 Rolla til dei valde representantane

- Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine eigarorgan.
- Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styringsinstruks og eigarkrav.
- I einskilde saker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruera representantane.

3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapa

Før møte i eit selskap skal dei valde representantane frå Aurland kommune kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette vil gå føre på følgjande måte:

- Dersom ein representant melder inn sak eller emne før møte i formannskapet, vurderer ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i formannskapet anten i ope eller lukka møte, og representanten får svar om kommunen sitt syn/råd. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte formannskapet.

3.3 Rapportering om utvikling av eigarstrategi for Aurland kommune

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sumaren med rapportar frå alle selskapa som Aurland har eigarinteresser i.

- Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgd opp av kommunestyret
- Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret.
- Viktige spørsmål å drøfte i høve selskapa er:
 - Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi?
 - Er eigarstrategien tilpassa noverande føremål?
 - Er kommunen sitt engasjement framleis gyldig?
 - Er drifta i selskapet i samsvar med selskapa sine føremål?
 - Korleis er selskapa si økonomiske stilling med omsyn til: Utviklinga i selskapa generelt og i høve til nøkkeltal, risiko, sjukefråvær, framtidsmogelegheiter, behov/ynskjer om moglege endringar og tiltak mm.